

Visefestival med høgt nivå og stor breidde



STOR KUNSTNAR: Göran Fristorp levde opp til forventningane på Stryn Vertshus fredag kveld. – Eg er mållaus, sa ein begeistra publikummar etter konserten. – Eg veit ikkje kva eg er mest imponert over, stemma, gitarspelet eller formidlinga! FOTO: GUNNHILD SINDRE

- 15 konsertar, inkludert to fullsette kulturhus, vart avvikla i løpet av to dagar og på fire ulike scener då Stryn Visefestival vart arrangert i helga.
- Publikum fekk oppleve alt frå intimkonsert med viselegenda Göran Fristorp til mannskor i kulturhuset.

SIDE 11, 12 OG 13



Antidoping på dagsorden ved Gym Stryn

SIDE 4

Ryddet klart for ny skatepark i rekordfart

SIDE 8



Den store Innvikfilmen kjem 17. mai

SIDE 6



Den nye direktøren gler seg til å opne hotellet 1. mai

Danijela Sefer er ny direktør ved Havila Hotel Raftevold i Hornindal. Ho gler seg til å ønske dei første gjestene velkomen 1. mai, og ikkje minst å tilby eit hotell med full drift.

SIDE 5



Sparka i gang sesongen med heimesiger

SIDE 14

Klart for filmpremiere på 17. mai etter intenst arbeid

17. mai er det klart for premiere på «den store Innvikfilmen». – Eit godt døme på at ein aldri må kaste film som ligg og sleng i gamle skuffer og skap, seier Steinar Hilde frå Filmdigitalisering.no.

For Innvikfilmen er nemleg langt på veg sett saman av nettopp dette: Filmsnuttar henta ut frå gamle filmar folk har hatt liggande, eller funne når dei rydda opp i gamle hus.

– Kast aldri slikt. Der er alltid historie å finne, seier Steinar Hilde.

Hundrevis av meter

Hilde driv Filmdigitalisering.no i fjøset på heimgarden. Her er lokala for lengst tømt for både kyr, griser, sauer og hest, og i staden innreia med alt som trengst av redigeringsutstyr, pluss ein god del historisk utstyr til både lyd og bilde.

Og ein bitteliten «kinosal».

Steinar Hilde har laga film om Innvik før. To filmar, til og med.

●● **Innvikfilmen er langt på veg sett saman av nettopp dette: Filmsnuttar henta ut frå gamle filmar folk har hatt liggande, eller funne når dei rydda opp i gamle hus. Kast aldri slikt. Der er alltid historie å finne**



STORFILM: Innvikfilmen er klar for premiere i Heimlund 17. mai.



HYLLE PÅ HYLLE: Steinar Hilde har hylle på hylle med maskiner. Her ser vi mellom anna ein del utstyr frå NRK. FOTO: INGE FÆNN

For 10 år sidan laga han det som vart heitande Innvikfilm 1. Tanken var at det skulle kome ein film nummer 2 seinare. Det vart det også, ein film som tok føre seg industrihistoria i bygda.

– Så det vart ein smalare film, seier Hilde.

Meter på meter

I vinter fann han ut at han skulle restaurere nummer ein og setje han saman med film nummer to.

Resultatet vart den store Innvikfilmen.

Eit produkt som er eit resultat av eit intenst arbeid med

innsamling, gjennomsjåing av meter på meter med film, klipping og montering.

Vekkjer kjensler

Den første filmen var organisert i årstal, no er Innvikfilmen delt inn i tema.

– Folkeliv, Langvin, Liatunet, og fabrikkane er eitt tema kvar, forklarar Steinar Hilde.

– Der er også intervju med personar som no er borte, og som fortel om livet i Innvik i gamle dagar. Tilbake til første del av 1900-talet og framover.

Olden UL har fått laga ein bygdafilm, og i samarbeid med Roger Sevrin Bruland stod Steinar Hilde også bak Utvikfilmen.

– Har andre bygder vist interesse for liknande prosjekt?

– Der er nokre som har nemnt det, men det har ikkje blitt konkrete prosjekt. Men eg held på at kvar bygd burde

hatt sin film. Det ser eg når vi viser disse filmene. Dei vekker kjensler.

Ei reise i tida

Om kvelden 17. mai, nøyaktig 10 år etter at den første vart vist, vert Innvikfilmen lansert.


– Filmen er sett saman av filmklipp eg har fått frå svært mange personar, supplert med nokre opptak eg har gjort sjølv og også nokre fotografi. Det er heilt enkelt ei reise tilbake i tida, seier Steinar Hilde.

– Det kan bli både rørende og vemodig å sjå igjen?

– Det blir det, men filmen er også ispedd litt humor. Målet er at sjåarane skal oppleve å gå gjennom heile kjensleregistret, frå rørte tårer til ein god skratt.

GUNNHILD SINDRE

gunnhild.sindre@fjordingen.no



TIL HAUSTEN: Fjordhestfilmen skal visast i Hornindal til hausten.

Fjordhestfilm til Hornindal til hausten

«Fjordhesten – historia i film» er eitt av produkta frå Steinar Hilde sin filmverkstad i Innvik.

Her er det også gamle filmbitar som er sett saman, med tekst og musikk til, ispedd stillfoto av både hest og folk innimellom.

Historia går heilt tilbake til Rimfakse og valet av avlsdyr for å redde fjordhesten som

rase, og fram til dagens moderne sportshestar og aktivitetar.

Fjordhestfilmen har vore vist i fleire samanhengar, men vert stadig etterspurd av hesteinteresserte som ikkje har fått sett han enno. Og dei får ein ny sjanse i løpet av hausten.

I oktober skal filmen visast i Hornindal, ei bygd som også har lange tradisjonar for fjordhest både når det gjeld bruk og avl.

Og filmen har også har vist seg å vere av interesse for fleire enn det ihuga fjordhestfolket:

– Det var mellom anna ein austlending som kom bort til meg etter visninga på Breim, fortel Steinar Hilde i Filmdigitalisering.no.

– Han sa rett ut «at eg skulle bli rørt av ein film om fjordhest, det hadde eg aldri trudd!»

GUNNHILD SINDRE

gunnhild.sindre@fjordingen.no